



## Gulen Ettersøkslag - Ettersøksavtale 2023

|             |              |
|-------------|--------------|
| Namn:       | Mob:         |
| Adr:        | Postnr/stad: |
| Epost:      |              |
| Valdnr:     | Valdnamn:    |
| Jaktfeltnr: | Jaktfelt:    |
| Tal løyver: | Kommune:     |

Ovannemnde jeger/jaktfelt/vald har med dette inngått ettersøksavtale med Gulen Ettersøkslag. Lagets medlemmar har godkjende og registrerte ettersøkshundar som har bestått nødvendige prøver i medhald til forskrift a.

### Avtale vilkår:

**Jeger/jaktlag skal fylgje lover og forskrifter for jakt og ettersøk. Ettersøkslaget kan heve avtalen dersom ein bryt med desse.** Ettersøkslaget skal stille med ekvipasje klar til ettersøk innan 4 timar etter melding er motteke. Jaktlag i områder som er avhengige av båttransport, må sjølv hente / bringe ettersøksekipasjen på best eigna stad.

**Avtalen er gyldig når den er signert av begge partar, og kvitteringsoblat frå banken er limt inn i merka felt. Dette skal dokumentere at rett avgift er betalt til lagets bankkonto nr: 3705.0298931**

Kr. 150,- x tal løyver. Avgift skal være innbetalt i god tid før jakta tek til. Dette for å sikre at inngått avtale vert registrert i lagets, og kommunen sine lister ved jaktstart.

**NB! Hugs å merke innbetalinga med namn, jaktfelt/vald og tal løyver.**

Lim inn kvitteringsoblat frå banken her:

Dato \_\_\_\_\_ Jaktleiar/jejer: \_\_\_\_\_ Gulen Ettersøkslag 

| Telefonliste                        |                      |             |
|-------------------------------------|----------------------|-------------|
| Namn                                | Bustad               | Telefon     |
| Roar Elnes                          | Eivindvik            | 41 68 52 60 |
| Karstein Elnes                      | Eivindvik            | 97 14 08 24 |
| Odd Rune Våge                       | Leikanger/ Eivindvik | 41 29 50 25 |
| Severin Rokne                       | Mjømna               | 97 74 26 70 |
| Torbjørn Jensen                     | Ånneland             | 40 09 73 46 |
| Jon Inge Instefjord                 | Brekke               | 48 24 61 96 |
| Arild Wergeland<br>(Har ikkje hund) | Brekke               | 97 72 76 23 |
| Leif Helge Fjellro                  | Arna/Austgulen       | 90 98 00 51 |
| Magnus Rørbakken                    | Arna/Austgulen       | 95 29 76 80 |



## Gode tips om uhellet er ute

- Påskote dyr skal reknast som treft inntil det motsette er bevist.
- Det er forbode (viltlova) å ta opp jakt på nye dyr i jaktfeltet/valdet før pkt.1 er avklara, eller medan ettersøk er i gang.
- **Ring Gulen Ettersøkslag så tidleg som råd. Det går fort tid før vi er på plass i terrenget, og mørket kjem fort på hausten.**
- Prøv å observer skotreaksjon, fluktretning, fart, halting ol. Alle detaljer er viktige.
- Merk plassen der du var når du skaut. (Pose, ryggsekk el.)
- Merk plassen dyret stod når du skaut. Dette er viktig for å kunne undersøkje skotplass. Plassen kan fort bli uklart i etterkant om det mørknar og den ikkje er merka.
- Unngå å trakke i blod eller anna som kan stamme frå skadeskytinga. Dette kan gjere ettersøket vanskeleg.
- Undersøk forsiktig der dyret stod når den vart påskoten. Sjå etter blod, hår, bein, kjøtt ol.) Berre ein person undersøkjer.
- Sko som er nytta under nyleg slakting vil plante nye spor, og gjere ettersøket vanskeleg.
- Om de er fleire jegerar, set ut postar, eller bli på post på strategiske plassar i påvente av ekvipasjen.
- Heile jaktlaget pliktar å delta i ettersøket om nødvendig.
- Eventuelle spor bør ikkje følgjast langt utan godkjend hund. Om dyret vert skremt ut av første sårlege, fell sjansen for å finne igjen dyret.
- Ikkje bruk hund som ikkje er godkjend, eller lat andre hundar komme inn i området.

### Vi spør gjerne etter:

- **Kor lang tid det er sidan dyret vart påskote?**
- **Kva dyr var det?**
- **Kva side av dyret hadde du mot deg?**
- **Stod dyret stille, beita det, eller var det i bevegelse?**
- **Var det fleire dyr i fylgje?**
- **Andre observasjonar du gjorde.**

**Denne avtalen er ein del av dokumenta du som jeger skal ha med deg på jakt.**

Vi i Gulen Ettersøkslag håpar på eit godt samarbeid, og ynskjer alle jegerar ei god og sikker jakt.